



Ål kulturskule + NMH= SANT!

Ål kulturskule og Norges musikkhøgskole har ein partnerskapsavtale om praksisopphald for studentar ved bachelorprogrammet i musikkpedagogikk, og no kjem dei snart på besøk frå Oslo til oss. I år er det heile 19 studentar og deira lærarar som kjem for å flytte inn i kulturbygda vår ei veke. I veke 45 (6.-10 november) blir det ikkje vanleg undervisning eller timeplan for musikarane i kulturskulen, men samspel saman med studentar frå NMH og lærarar frå NMH og ÅKS. Det blir ei heilt annleis veke for elevane og lærarane våre. Vi er veldig begeistra og stolte av å kunne tilby deg denne opplevinga.

Vi deler inn alle våre 80 musikarar i tre grupper over tre undervisningsdagar, måndag-onsdag, og avsluttar med ein **felles** konsert torsdag 9. november på Storescena i Ål kulturhus der alle skal være med.

Vi forventar at alle elevar får høve til å delta sjølv om timeplanen er annleis enn normalt.

Nokre av dei eldre elevane er òg med på "fordjupning". Dei er sett opp på eigen øving, merk tida. DMP-elevar spelar musikk i øvre foajé før og etter konsert. Sceneteknikk-elevar er tekniske medhjelparar før, under og etter konserten. Oppmøte til konsert torsdag 9. november er kl 16.00 for gruppe 2 og 3 samt Sceneteknikk-elevar, og kl. 17.00 for gruppe 1 og DMP-elevar. Møt opp i Skålen, backstage Storescena. Konserten torsdag startar kl. 18.00 og er gratis. Ta med deg heile fanskaren din - her blir det musikkglede!

Fordeling av elevar - sjå vedlegg

(det er ikkje mogleg å bytte gruppe)

Alle elevar som har bærbart instrument tek med sitt eige.

Måndag 6. nov kl. 16.00-18.00: Gruppe 1 på Storescena

Tysdag 7. nov kl. 17.00-19.00: Gruppe 2 på Storescena

Onsdag 8. nov kl. 17.00-19.00: Gruppe 3 på Storescena

Torsdag konsert 9. nov ALLE Oppmøte 16.00/17.00, med konsertstart kl. 18.00

Nedrigg til ca. 19.30

Om prosjektet:

Dei siste to åra har vi hatt eit strålende samarbeid med NMH. Musikkstudentar kjem hit i veke 45 og har praksis her hos oss på Ål, der dei inngår i ulike undervisnings- og formidlingsaktivitetar i og rundt kulturskulen. Bachelorprogrammet i musikkpedagogikk ved Norges musikkhøgskole er ei utøvande musikkutdanning med ei integrert PPU (praktisk pedagogisk utdanning). Ved godkjent utdanning blir studentane formelt kvalifisert til å undervise i barne- og ungdomsskulen, vidaregåande skule og i kulturskulen. Kandidatane bringar også nødvendig kompetanse til det frivillige musikklivet, der dei arbeider som dirigentar i kor og korps og andre musikkpedagogiske praksisar. Programmet sin tunge utøvande profil, saman med ei grundig pedagogisk skolering, gjer at disse studentane ofte byggjer ein yrkesprofil som kombinerer utøvande og pedagogisk verksemd. Praksisopplæringa på bachelorprogrammet følgjer forskrifta for rammeplan for PPU,

der studentane i løpet av utdanninga skal ha 60 dagars arbeidsinnsats. Ved sida av ordinær praksisopplæring i grunnskule, vidaregåande skule og kulturskule, har dei ein tradisjon på bachelorprogrammet med å gjennomføre ulike frittståande praksisprosjekt.

Praksisprosjektet for 1. års studentane blir no lagt til Ål, der mangfald — når det gjeld instrument, sjanger, alder og arenaer — også blir eit sentralt tema for prosjektet. Her vil studentane få oppleve ei distriktskommune der kultur står sentralt, og der kulturskulen er ein sentral aktør i styrkinga av kulturell utfolding i lokalsamfunnet. I samsvar med kulturskulen si rolle som lokalt ressurscenter, er målet at praksisopphaldet skal gje studentane verdifull erfaring i korleis forpliktande samarbeid med grunnskule, det lokale kulturlivet og profesjonelle aktørar innan kunst- og kulturformidling kan arte seg. Studieopphaldet i Ål vil òg gje studentane relevante erfaringar i det å virke som musikkpedagog i ein distriktskommune med dei mangfald av yrkesmogelegheiter og samarbeid som her vil kunne førekomme. I veke 45 vil studentane blant anna ha samspel og undervisning med elevar i kulturskulen, workshops- og konsertar i grunnskulane, konsert og songstund for bevararar på Ål bu- og behandlingssenter og konsert på Ål kulturhus, som ein del av "Barnål" kulturhus for småfolk, med elevar frå kulturskulen og lokale samarbeidspartnarar — i tillegg til å møte og lære av lokale kunstnarar og eldsjeler.

Vi ynskjer ein e-post om du ikkje kan møte til kulturskulen@aal.kommune.no så snart som råd.

Vi gler oss!

Helsing musikk-lærarane i Ål kulturskule, John Vinge førsteamanuensis ved NMH, musikalsk leiar Marit Sehl og Iris Tangeraas - rektor i Ål kulturskule.



**Norges
musikkhøgskole**